



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.10.2018
Vår ref.: 2018/8336
Arkivnr.: 432.2

Verneområdestyret Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
pb. 24
4748 RYSSTAD

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Uttale til høyring forslag føringar motorferdsel og ekstrem sportaktivitetar Kjerag, Frafjordheiane LVO

Vi syner til dykkar høyringsbrev av 28.08.2018, om framlegg til føringar for motorferdsle og ekstrem sport-aktivitetar ved Kjerag i Frafjordheiane landskapsvernområde. Frist for uttale er 15.10.2018.

I høyringsbrevet vert det synt til Kjerag sine sær store opplevingskvalitetar, med stort og aukande tal besøkande frå heile verda. Den einskilde besøkande si naturoppleving er sårbar for forstyrring frå andre brukarar og aktivitetar. Det vert synt til verneformålet om at «*Allementa skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging*». Dette føremålet vert i dag klart utfordra i dette avgrensa området. Høyringa gir derfor framlegg om føringar for forvaltninga knytt til helikoptertransport, bruk av drone og mellombelse installasjonar.

Fylkesmannen i Rogaland har følgjande merknader:

Forvaltninga av verneområdet vart 01.05.2005 delegert til kommunane Forsand, Gjesdal og Sirdal (seinare del av Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane). Fylkesmannen hadde då framleis ansvaret med å ferdigstille forvaltningsplan for området (sluttført 2007). Ein hadde etterkvart opplevd aukande etterspurnad etter bruk av helikopter, til frakt i samband med reiseliv, filming og basehoppingar. Forsand kommune var opptekne av at vernet ikkje måtte stenge heilt for helikoptertrafikk, utifrå ønskje om stor positiv verknad for reiseliv/næringsutvikling. For å få ein meir forutseiieleg og handterbar forvaltningspraksis vart det opna for eit fire dagars tidsvindaug, med max 3 dispensasjonar årleg og med vilkår som at verdien for marknadsføring skal vere svært stor, og at helikopterbruk er absolutt naudsynt for gjennomføring av tiltaket.

Tilsvarande vart dette som kjent vidareført i forvaltningsplan for SVR, godkjent av Miljødirektoratet 27.04.2015. Det blir der vist til at dispensasjonheimelen for flyging er §48 i naturmangfaldlova – med dei strenge vilkåra som der blir lagt til grunn. Vi syner i så måte til *Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet, jfr. kap. 7 om § 48).

Fylkesmannen legg til grunn at det er verneforskrifta med verneformålet som gir den langsiktige ramma for praktisk forvaltning. Forvaltningsplanen er såleis i utgangspunktet ikkje eit juridisk

bindande dokument, heller ikkje retningslinjer og forvaltningspraksis etter slike, når forvaltningsstyresmakta får røynsle for at det skjer ei praktisk utvikling i verneområdet som kan uthole verneformålet og skape vidare presedens. Det kan ikkje utformast retningslinjer i ein forvaltningsplan som er i strid med verneformål eller vernebestemmingar.

Fylkesmannen er generelt samd med verneområdestyret i behovet for klarare retningslinjer for den sterkt aukande aktiviteten i Kjeragområdet. Framlegget til føringar om drone og strengt avgrensa tidsvindauger er vi likeeins samde i. Vi legg då til grunn at bruk av drone framleis er i sterk utvikling. Gitt Kjerag sine heilt spesielle kvalitetar må utviklinga følgjast nøye og dispensasjonspraksis vere streng.

Helikoptertransport

Vi er kjent med at det for 2018 vart sett ei øvre grense på 300 helikopter-transportar, med faktisk gjennomførte transportar mellom 159 og 278 (157 i 2018). Slik vi har forstått det er desse transportane berre i samband med basehopping.

- Denne særst høge aktiviteten på årleg basis ber preg av ein «permanent» dispensasjon frå eksplisitte forbod i verneforskrifta. I og med utviklinga i området etter vern og forvaltningsplanar, er det etter vårt syn ikkje lenger tale om eit unntakstilfelle for særlege/spesielle tilfelle (jfr. §48). Vi syner i så måte til bakgrunnen for opning av eit «tidsvindauger» i forvaltningsplanen frå 2007, der ein ikkje ønskte å «stenge heilt for bruk av helikopter» med omsyn til viktig tilfelle for reiseliv/næringsutvikling.
- Sjølv om tidsvindauga er klart avgrensa i tid, vil ein kunne vente aukande besøk av turfolk til Kjerag, også i juni. Helikopteraktiviteten vil tvillaust kunne gi negative opplevingar av det storslåtte landskapet og turmålet for desse brukarane, jfr. tilsvarende problemstilling på Preiksetolen. Vi syner igjen til verneformål om *«allmenta sitt høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv»*.
- I dag blir «tidsvindauger» i juni etter det vi veit praktisert eksklusivt for basehoppingar, med særst stort tal på turar. Dette er ei bruksgruppe som venteleg vil kunne ta seg fram til Kjerag til fots. Flyginga framstår såleis som lettvinde omsyn og ikkje som «absolutt naudsynt for gjennomføring av tiltaket» (vilkår i SVR forvaltningsplan). Heller ikkje basehoppingar som skal ha med seg til dømes sykklar utfor stupet fell innafør dette vilkåret.
- Forbodet mot motorferdsle elles i verneområdet blir handert på ein balansert streng og etter vårt syn god måte. Det er viktig for å oppretthalde allmenta si forståing for vernereglar og verneomsynet at forvaltninga har ein langsiktig og føreseieleg praksis i området samla sett. Dagens utvikling på Kjerag kan skade omdøme og skape uheldig presedens for resten av området. Presedensen vil ikkje minst kunne bli krevjande i høve til eit stort potensiale for ønskje om utvida reiseliv til flyging til Kjerag spesielt. Dette kan bli utfordrande å handtere i høve verneforskrifta, når ein samstundes skal ha ei likeverdige handsaming av søknader.

Installasjonar og bruk av boltar

Framlegget til nye retningslinjer tek sikte på å sette klarare avgrensingar til installasjonar og bruk av festeboltar, lokalisert til ei sone like vest av sona for ekstremportaktivitetar, og innanfor tidsrommet 15. – 30.juni.

Igjen syner det seg at utviklinga på Kjerag som eit internasjonalt kjent landskap medfører utfordringar som ein ikkje heilt tok høgde for ved vernetidspunkt og i forvaltningsplanar. Slike installasjonar fører til behov for ytterlegare helikopter-trafikk. Bruk av boltar kan føre til ei

oppleving av inngrep og degradering av dei unike naturkvalitetane. Sjølve installasjonane har normalt kort varigheit, men vil venteleg kunne innebere ein redusert opplevingskvalitet for turfolk som søker det uberørte landskapet.

Det har over noko tid vore mykje offentleg merksemd om slike installasjonar på Kjerag, også frå kritiske røyster som stiller spørsmål om kva som skal tillatast i eit verneområde. Våre merknader ovanfor under Helikoptertransport gjer seg gjeldande også knytt til installasjonar.

Tilråding

Fylkesmannen er bekymra for utviklinga i Kjeragområdet, av grunnar nemnt ovanfor. Vi stør derfor klart forvaltningsstyret sitt ønskje om klarare og meir avgrensande retningslinjer.

- Dispensasjonspraksisen for dei aktuelle aktivitetane må skjerpast tydeleg inn og komme meir i samsvar med bruk av § 48 i naturmangfaldlova og verneforskrifta med verneformål/forbudsreglar, jfr. gjeldande rundskriv om praktisering av verneforskrifter, men og tilsvarande forvaltningspraksis i andre verneområde i landet.
- Gitt dette primære juridiske rammeverket så bør nye retningslinjer etter vårt syn sjå tilbake på det utgangspunktet for bruk av «tidsvindaug som ligg i gamal og ny forvaltningsplan – med avgrensande vilkår som vektlegg reelle praktiske behov og samfunnsnytte. Retningslinene må med utgangspunkt i § 48 vera, «særlige» og eksluderande, som kan (ikkje må) gi rom for dispensasjonar.
- Ei slik innskjerping vil venteleg minimalisera helikoptertrafikken frå dagens utvikling. Tidsvindaug med fire samanhengande dagar i juni kan likevel inntil vidare røynsle behaldast som eit effektivt avgrensande grep.
- Vi stør framlegget om ei sonering for installasjonar. Vi legg då til grunn at flyging kun skal skje innanfor det aktuelle tidsvindaug. Det bør likevel leggest tilsvarande strenge og avgrensande kriterie til grunn for særlege praktiske transportbehov og samfunnsnytte. Behov for bruk av boltar eller andre tilsvarande tiltak bør vekte tungt og innskrenkande i dispensasjonsvurderinga.

Kjerag er allereie verdskjent som eit spektakulært og etter måten lett tilgjengeleg villmarksprega område. Som symbolsk verkemiddel for reiseliv og anna næringsutvikling kan verdien etter vårt syn oppretthaldast og vidareutviklast utan behov for gå på akkord med ei streng og tydeleg forvaltningspraksis i verneområdet. Tvert om meiner vi at nettopp det urørte og uforstyrra landskapet vil gi den største verdien for samfunnet på lang sikt.

Med helsing

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Per Kristian Austbø
Saksbehandlar telefon:
E-post: fmropka@fylkesmannen.no

